



Statsforvaltaren i Vestland

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato:
29.11.2024
Dykkar dato:
18.10.2024

Vår ref:
2024/15515
Dykkar ref:
202406970

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om auka installert effekt og slukeevne i Ulvik II kraftverk i Tyssovassdraget i Ulvik herad

Statsforvaltaren ber om ei ny kartlegging av ein viktig fuktkrevjande naturtypelokalitet, og at det blir vurdert om og i kva grad viktig naturmiljø og anadrom fisk kan bli påverka av redusert flaumvassføring i Tysso.

Vi viser til høyringa av ein førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik II kraftverk.

Det skal vurderast om tiltaket gir skade og ulempe av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Omtale av meldinga

Evin Fornybar ønskjer å auke installert effekt og auke slukeevna i Ulvik II kraftverk. Tiltaket er planlagt gjennomført med ny maskinutrusting i tillegg til eksisterande, og vil auke total slukeevne for kraftverket frå 6,1 m³/s inntil 12,3 m³/s. Effektauka frå 20 MW og opp til 40 MW vil ikkje auke middelproduksjonen, som er på om lag 110 GWh.

Kraftverket utnyttar fallet mellom inntaket i Solsævatnet og utløpet i Ulvikafjorden. I tillegg til reguleringa av Solsævatnet, blir det overført vatn frå Tysso via bekkeinntak og tunnel, og frå vatnet Ljoneskrulen (regulert mellom kote 752 og 727) via tappetunnel. Auka slukeevne vil senke vasstanden i Solsævatnet 1,1 – 1,3 cm raskare per time, avhengig av fyllingsgraden i magasinet.

Selskapet vurderer at tiltaket ikkje vil få vesentlege negative verknader for naturmiljø og friluftsinteresser. Dei nemner at auka slukeevne kan auke erosjonspåverknaden i magasinet, og at eventuell ulempe for bådeigarar ved flytebryggene like ved kraftverksutløpet vil bli handtert privatrettsleg.

Vår vurdering

Opprusting av eksisterande reguleringar kan vere viktige bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging, og kan ofte vere å føretrekkje framfor utbygging av nye vassdrag. I denne saka er det lagt opp til å auke effekten i kraftverket innafor gjeldande reguleringssone, og det vil i all



hovudsak vere endra vassføring i elva nedstraums og senkingsfart i magasinet som eventuelt kan få negativ verknad på omgjevnadene.

Auka slukeevne med 6,2 m³/s vil redusere overløp frå dammen i Solsævatnet i periodar med høg avrenning, slik som under snøsmeltinga, og dette vil følgjeleg redusere flaumane i Tysso. Vi saknar vassføringsestimat som kan vise korleis vassføringa i Tysso blir endra.

I Tysso er det registrert ei viktig bekkekløft og bergvegg, [BN00069118 Tysso](#), altså ein fuktrevjande naturtype, og det er registrert mellom anna skorpefiltlav og raudsildre, begge raudlista i kategori nær truga (NT), og fleire fuktrevjande artar. Lokaliteten er vurdert etter registreringar hausten 2009, og bør dermed kartleggjast og vurderast på nytt ut frå gjeldande metodikk. Vi viser her mellom anna til at ein ny raudlisteart (raud sildre) blei påvist i 2021, og at det har skjedd endringar i norsk raudliste for artar sidan kartlegginga i 2009.

Det er ei anadrom strekning i Tysso på om lag 350 meter opp til utløpet av Ulvik I kraftverk. Strekninga ovanfor kraftverket har vanlegvis lite vatn, men i periodar med høg vassføring kan anadrom fisk vandre opp til eit endeleg vandringshinder om lag 150 meter lenger opp i elva. Vi legg til grunn at elva i alle fall har førekommst av sjøaure, og det bør vurderast om slukeevneauka kan påverke bestanden negativt.

Solsævatnet ligg i eit viktig friluftslivsområde. Vi har ikkje detaljkunnskap om bruken av området, men vi reknar med at lokale høyningspartar som kjenner området og eventuelle reguleringseffektar vil komme med innspel i saka.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ulvik herad
Vestland fylkeskommune

Skeiesvegen 3
Postboks 7900

5730
5020

ULVIK
BERGEN